



Vår referanse: 25/921
Acos.Møte.Mellomlag
Facade_Api.Models.J
ournalpost
Saksbehandlar: Tone Charlotte
Ekremsæter
Dato: 26.08.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/25	Formannskapet	02.09.2025
90/25	Kommunestyre	15.09.2025

Investeringsbudsjett for 2025 og for økonomiplanperioden 2026-2029

Samandrag:

Kommunedirektøren legg fram forslag til investeringsbudsjett for 2025 samt for økonomiplanperioden 2026-2029.

Kommunestyre 15.09.2025

Behandling:

Tilleggsforslag budsjett. , foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet
Bedre parkeringsforhold ved gravplassen på Fiskå. Blir tatt med i budsjett for 2026, etter synfaring med formannskapet februar 2025.

Tillegg til kommunedirektøren si tilråding, foreslått av Paul Sindre Vedeld, Senterpartiet
Kommunestyret vedtek fylgjande investeringsar i 2025 - alle investeringar er her utan MVA

2025

- IKT - utstyr 400.000,-
- Pasientvarslingsanlegg 300.000,-
- Diverse utstyr grøntområde 200.000,-
- Sprinkler omsorgssenter 1.000.000,-
- Naudstraum omsorgssenter 1.100.000,-
- Ledestriper omsorgssenter 200.000,-
- Lås-system omsorgssenter 980.000,-
- Fiskå Ungdomsskule 300.000,-
- Stad Skipstunnel 250.000,-
- Myklebust skule - golv 1.000.000,-
- Myklebust skule - tak 1.000.000,-
- Mobilmast Beksle /Rota 500.000,-
- Brannalarmanlegg Utsikta 300.000,-
- Ombygging pasientrom til hyblar 110.000,-
- St.Jetmund - kyrkjegard 500.000,-
- Vatn - Eidså 150.000,-
- Avløp - Eidså 150.000,-

• SD-anlegg	500.000,-
• Vassverk - hovudinntak	150.000,-
Sjøleidning Kjøde	100.000,-
TOTALT	9.290.000,-
Investeringane for 2025 blir finansiert ved låneopptak på kr 9.290.000,-	

Kommunedirektøren orienterte.

Tilrådinga frå formannskapet pluss framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

KO - 90/25 Vedtak

Investeringsbudsjett vert godkjent og lagt ut på høyring, saman med økonomiplan 2026-2029 og driftbudsjett 2026.

Kommunestyret vedtek fylgjande investeringar i 2025 - alle investeringar er her utan MVA

2025

• IKT - utstyr	400.000,-
• Pasientvarslingsanlegg	300.000,-
• Diverse utstyr grøntområde	200.000,-
• Sprinkler omsorgssenter	1.000.000,-
• Naudstraum omsorgssenter	1.100.000,-
• Ledestriper omsorgssenter	200.000,-
• Lås-system omsorgssenter	980.000,-
• Fiskå Ungdomsskule	300.000,-
• Stad Skipstunnel	250.000,-
• Myklebust skule - golv	1.000.000,-
• Myklebust skule - tak	1.000.000,-
• Mobilmast Beksle /Rota	500.000,-
• Brannalarmanlegg Utsikta	300.000,-
• Ombygging pasientrom til hyblar	110.000,-
• St.Jetmund - kyrkjegard	500.000,-
• Vatn - Eidså	150.000,-
• Avløp - Eidså	150.000,-
• SD-anlegg	500.000,-
• Vassverk - hovudinntak	150.000,-
Sjøleidning Kjøde	100.000,-
TOTALT	9.290.000,-
Investeringane for 2025 blir finansiert ved låneopptak på kr 9.290.000,-	

Formannskapet 02.09.2025

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte og svarde på spørsmål.

Samrøystes tilråding som framlegget.

FO - 108/25 Vedtak

Formannskapet tilrår:

Investeringsbudsjett vert godkjent og lagt ut på høyring, saman med økonomiplan 2026-2029 og driftbudsjett 2026.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren vil tilrå at investeringsbudsjett vert godkjent og lagt ut på høyring, saman med økonomiplan 2026-2029 og driftbudsjett 2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 02.09.2025 - 108/25

Formannskapet tilrår:

Investeringsbudsjett vert godkjent og lagt ut på høyring, saman med økonomiplan 2026-2029 og driftbudsjett 2026.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren legg fram forslag til investeringsbudsjett for 2025 samt for økonomiplanperioden 2026-2029.

Investeringsbudsjettet er den delen av budsjettet som gjeld langsiktige investeringar som kommunen skal ha nytte av over tid. Føremålet er å sikre langsiktige prioriteringar og finansiering av tiltak som gjev kommunen varige verdiar og legg til rette for gode tjenester til innbyggjarane.

Nedanfor fylgjer forslag til investeringsbudsjett:

	Investeringsforslag		2025	2026	2027	2028	2029
1.	Stab	IKT-utstyr	400 000	400 000	400 000	400 000	400 000
	HEOM						
2.		Pasientvarslingsanlegg	300 000	2 500 000	0	0	0
3.		Bilar til heimetenesta	0	800 000	800 000	800 000	0
4.		Pauserom Utsikta	0	200 000	0	0	0
5.		Inneklima Myklebust		300 000	1 800 000	0	0
	Sjølvcost/ ordinære område	Teknisk					
6.		Diverse utstyr grønt	200 000	300 000			
7.		Ymse vegutbetring		5 000 000	2 500 000	0	0
8.		Sprinklar/vassinntak	1 000 000	0	0	0	0
9.		Naudstraum VHO	1 100 000	0	0	0	0
10.		Ledestriper VHO/Fiskå	200 000	0	0	0	0
11.	Ført i 2025: kr 80.878	Lås-system VHO	980 000	0	400 000	0	400 000
12.		Fiskå skule(ungdomsskule)	300 000	2 000 000	50 000 000	0	0
13.	Ført i 2025:kr 97.779	Stad skipstunnel	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000
14.	Ført i 2025: kr. 937.500	Myklebust skule (gulv)	1 000 000	0	0	0	0
15.		Myklebust barneskule (Tak)	1 100 000	0	0	0	0
16.		Mobilmast Beksle/ Rota	500 000	900 000	0	0	0
17.		Brannalarmanlegg Utsikten	300 000	0	0	0	0
18.		Hjulmaskin		2 500 000		0	0
19.		Ombygging gamle sjukeheimen frå pasientrom til hyblar	110 000	0	0	0	0
	VAR-OMRÅDE	Teknisk					
20.		Vatn Eidså	150 000	1 550 000	0	0	0
21.		Avløp Eidså	150 000	1 550 000	0	0	0
22.		Overvatn Lendalen		350 000	350 000	0	0
23.		Silanlegg Fiskå		200 000	0	0	0
24.	*Ført i 2025: kr 432.507	SD- anlegg	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
25.		Rehab. hovudinntak	150 000	950 000	0	0	0
26.		Sjø -ledning Kjøde	100 000	6 000 000	0	0	0

1. IKT utstyr: Alle IKT-investeringar vert samla på ein felles investeringspost, dette gjeld utstyr til alle sektorane, også elev-PCane. Med bakgrunn i erfaringstal legg vi til grunn at det vil vere 400 000 kr kvart år.
2. Pasientvarslingsanlegg: Pasientvarslingsanlegget på Helse og omsorgssenteret kan ikkje oppgraderast og må no skiftast. Vi har fått eit anslag på pris på utskifting og vi vil starte prosessen med utlysing 2025-2026 og gjennomføre sjølve anskaffinga i 2026.
3. Bilar til heimetenesta: Heimetenesta har seks bilar som alle er modne for utskifting, vi startar utskiftinga i 2025 og skiftar ut to bilar i året i 2025, 2026 og 2027. Det vert lagt

til grunn at det er rimelegare for kommunen å lånefinansiere enn å lease desse bilane. Difor tek vi desse på investeringsbudsjettet.

4. Pauserom Utsikten: Dei tilsette på utsikten har ein ynskje om eit meir eigna pauserom til det.
5. Inneklima Myklebust: Nytt ventilasjonssystem på barneskulen.
6. Diverse utstyr grønt: Klippeutstyr grøntareal.
7. Ymse vegutbetring: Asfalt Gamlevegen.
8. Sprinklar/vassinntak: Sprinkler VHO, separere inntak sprinkler og vassinntak.
9. Naudstraum VHO: I samband ved at kjøkkenet bygg opp beredskapslager til institusjonen sine bebuarar og heimebuande som mottek mat frå kommunen, er det naudsynt å sikre straumforsyning til kjøl og frys. Naudstraumanlegget som vi i dag har på omsorgssenteret er ikkje tilstrekkeleg til dette.
10. Ledestriper VHO/Fiskå: Pålegg etter branntilsyn.
11. Lås-system: Kommunen har tidlegare lyst ut, tildelt og budsjettert for nytt låsesystem på omsorgssenteret mm. Vedtaket i kommunestyret frå 10.feb 2025 satte av 625 000 til finansiering av nytt låseannlegg til kommunale bygg. Det ser ut til at meir av utgiftene går til investeringar enn tidlegare antatt og tilrår difor auke i investeringa til kr 980 000 i 2025 og at vi skiftar system i andre bygg i økonomiplanen og set av 400 000 i 2027 og 2029.
12. Fiskå skule (ungdomsskule): Prosjektering og bygging av ny ungdomsskule.
13. Stad skipstunnel: Planleggingskostnader knytt til framføring av vassledning til Kjøde.
14. Myklebust skule (gulv): Oppgradering av demping i gulv i samband med nytt gulv i gymsal.
15. Myklebust skule (tak): Nytt yttertak gymsal Myklebust.
16. Mobilmast Beksle/Rota: Dette er eit investeringsprosjekt i prioriteringsplan i sak 67/25 og vi set av midlar til oppstart i 2025 og fullføring 2026.
17. Brannalarmanlegg Utsikten: Bytte av defekt brannvarslingssystem.
18. Hjulmaskin: Investering knytt til eige utstyr på Miljøstasjon.
19. Ombygging gamle sjukeheim frå pasientrom til hyblar.
20. Vatn Eidså: Ny vassledning Eidså sentrum.
21. Avløp Eidså: Ny avløpsledning Eidså sentrum.
22. Overvatn Lendalen: Separering overvatn Lendalen.
23. Silanlegg Fiskå: Nytt silanlegg Fiskå.
24. SD-anlegg: Oppgradering av SD-anlegg pumpestasjonar.

25. Rehab. hovudinntak: Ny coating på hovudinntaket på Fiskå vassverk.

26. Sjø-ledning Kjøde: Legging av sjøleidning Åheim-Kjøde.

Investeringar på sjølvkost/ordinære område har ein total sum på kr. 33 150 000.

Investeringar på VAR- område gir ein total sum på kr 11,1 million.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektør vurderer prosjekta som nødvendige for å oppretthalde lovpålagde tenester og sikre framtidig vekst og velferd.

Kommunedirektøren vil tilrå at investeringsbudsjett vert godkjent og lagt ut på høyring, saman med økonomiplan 2026-2029 og driftsbudsjett 2026.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Investeringane vil bidra til ei auke i renteutgiftene og ei auke i minimumsavdraget.

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør